



Vår dato:

24.04.2023

Vår ref:

2022/8936

Dykkar dato:

«RefData»

Dykkar ref:

«Ref»

«Mottakernavn»

Saksbehandlar, innvalstelefon

«Adresse»

Halvor Røssum, 5764 3144

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Referat frå møte med grunneigarar i Luster kommune om ei mogeleg utviding av Jotunheimen nasjonalpark

Tid og stad:

23. mars 2023, 14.00 – 16.00, Fjordstova i Skjolden

Til stades:

Frå Statsforvaltaren i Vestland (SFVL): Maria Knagenhjelm (seniorrådgjevar) og Halvor Røssum (rådgjevar)

Frå Luster kommune: Knut Vidar Svanheld (plansjef)

Grunneigarar: Konrad Fuglesteg, Eivind Fuglesteg, Sigmund Hauge, Svein Bjarne Steig, Einar Yttri, Johannes Yttri, Nils Weka, Terje Weka, Mathias Skagen, Magnar Bjørk, Knut Stokkenes, Erik Tandberg, Thomas Urnes, Steinar Mørkrid, Svein Arvid Skagen

Referat:

Statsforvaltaren ved Maria Knagenhjelm ønskte velkommen til alle frammøtte. Ho takka grunneigarane for at området er teke så godt vare på som det er. Ho la vekt på at Statsforvaltaren ønskjer innspeil frå grunneigarane til kva dei ser på som mogelegheiter og utfordringar med ein mogeleg utvidingsprosess, og at vi ønskjer å lytte til kva som er viktig for dei som nyttar området.

Statsforvaltaren ved Halvor Røssum orienterte om oppdraget vi har fått knytt til ei mogleg utviding av nasjonalparken og om ei mogleg omgjering av verneform for delar av Utladalen landskapsvernområde, før vi presenterte dei naturkvalitetane og brukarinteressene vi kjenner til i området per no. Deretter vart den vidare prosessen skissert.

Ein verneprosess vil ikkje bli sett i gang utan at kommunen seier ja til ei utgreiing. Ein viktig del av ein eventuell verneplanprosess er å innhente meir kunnskap om naturverdiar og brukarinteresser i området. Om kommunen seier ja til å starte verneprosessen kan den likevel seie nei til vern av området på eit seinare tidspunkt i prosessen. Ved eit eventuelt «nei» vil arbeidet med å utvide Jotunheimen nasjonalpark i Luster kommune stoppe.



Statsforvaltaren presenterte eit kart over det aktuelle utgreiingsområdet. Kartet illustrerer kva område som kan vere aktuelle for utviding. Å vurdere kvar grensene eventuelt skal gå vil vere ein del av den vidare verneprosessen. Synfaring i områda i lag med kommune og grunneigarar/rettshavarar vil vere viktig i dette arbeidet.

Presentasjonen som vart brukt under orienteringa finn du på Statsforvaltaren i Vestland sine heimesider: <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/miljo-og-klima/verneomrade/inndeiale-dialog-om-mogeleg-utviding-av-jotunheimen/>

På desse sidene finn ein også meir utfyllande informasjon om prosessen og området. Etter orienteringa vart det opna for spørsmål og innspel.

Spørsmål og innspel:

Ein grunneigar peika på at verneforskrifta i Utladalen landskapsvernombanen er omrent like streng som verneforskrifta i Jotunheimen nasjonalpark, men at nasjonalparkstatusen vil kunne dra meir folk og gjere området meir «attraktivt». Det er allereie mykje folk som ferdast i området, og dette er eit problem for villreinen. Turistane sin aktivitet i området er ein større trugsel for villreinen enn grunneigarane sin aktivitet.

Det vart spurt kva heimlar og juridisk grunnlag som finst for å avgrense ferdelsen her når villreinen trekk inn i området. Statsforvaltaren svara at § 5 f i verneforskrifta gir Miljødirektoratet ein mogelegheit til å «regulere eller forby ferdsel som kan skade naturmiljøet», men at SFVL ikkje har erfaring i om denne verneregelen har blitt brukt i slike samanhengjer. Likevel er det andre tiltak som er meir aktuelle for å regulere ferdsel, slik som utbetring/fjerning av stiar, opparbeiding av innfallsportar/parkeringsplassar og liknande. Verneområdestyre kan søke om statlege middel til å gjennomføre tiltak for å styre besökande, og ein veit t.d. at folk flest vil følgje ein godt merka sti om det er lagt godt til rette med parkering, osv. Om ein startar ein verneprosess vil ein og samle inn meir kunnskap om ferdelsen i området. I samband med kvalitetsnorm for villrein kjem det i haust ein rapport om arealbruken til villreinstamma i Vest-Jotunheimen, og korleis ein kan setje inn tiltak i for å betre tilstanden til stammen.

Ein grunneigar kunne informere om at det tidlegare var planar om å merke ein sti opp mot Svartafjellet, men at denne stien ikkje vart merka av omsyn til villreinen (eller vart stien merka, men vart merkinga fjerna att?). Det kom også innspel om at ein ved å trekke grensene heilt ned mot vegen vil gjere det for enkelt å besøke nasjonalparken – at det då kan vere nok berre å gå ut av bilen for å kome inn i verneområdet. Statsforvaltaren viste til døme med stirunden med den tynne bruva ved Sognefjellhytta, der ein med god tilrettelegging gjev folk ein «nasjonalpark-oppleveling» utan at dei er innanfor vernegrensa eller bidreg til å slite ned sårbar natur.

Det vart trekt fram positive erfaringar med landskapsvernet i Mørkridsdalen, der vernet har ført med seg midlar til både sti tilrettelegging, gjenoppbygging av bruver, informasjon, osb. Samstundes vart det presisert at det er heilt andre utfordringar i utgreiingsområdet for ei mogeleg utviding i Jotunheimen enn i Mørkridsdalen, både med tanke på landbruksaktivitet/beite og turisme/utfart. Andre grunneigarar fortalte om negative erfaringar med det som skjedde når Jotunheimen og Utladalen fekk vernestatus, då det vart opplevd som at vernet «vart tredd nedover hovudet» på brukarane og at det vart vanskelegare å sjå til selet sitt i snøtunge vinstrar.

Ein peikte på at det er skilnad på kva folk ønskjer – nokre ønskjer meir turistar i området og andre ønskjer færre. God informasjon for turistane er uansett viktig.



Fleire var einige om at det er viktig at lokalsamfunnet får noko att for eit vern – at det kjem dei til gode på eit vis. Det vart nemnt at står eit tomt hus i Fortun som egnar seg godt til å vere nasjonalparksenter, og at det no er opning for å søkje Miljødirektoratet for å kunne bli autorisert nasjonalparksenter på vestsida av Jotunheimen. Dette er døme som kan gjere at ein får att meir lokalt for den ferdelsen som er i området. Ved å gi lokal aksept til å starte ein verneprosess, og få eit kunnskapsgrunnlag, kan ein få vite meir om kva mogelegheiter som ligg i ein utvidingsprosess. Guidingverksemdu har lange tradisjonar i Fortun; for 100 år sidan var det fem patentførarar i bygda. Både guiding og nasjonalparksenter vil kunne bidra til å spreie info om den sårbare villreinen. Breheimen-vernet vart også nemnt i denne samanheng, der det vart etablert eit fond for lokale tiltak og aktivitet då vernet vart oppretta.

Det vart trekt fram frå fleire grunneigarar at det er viktig for dei å tenkje seg godt om før dei eventuelt seier ja til å utvide verneområdet. Er det riktig at nasjonalparkgrensa skal gå heilt ned til Tindevegen og Sognefjellsvegen? Eit eventuelt vernevedtak vil legge føringar på bruken av eigedommen ikkje berre for dagens generasjon grunneigarar, men også for kommande generasjoner.

Ein grunneigar trakk fram at han kan leve med landskapsvernombådet i Utladalen, men at det er særskilt viktig at restriksjonsnivået er det same for alle aktørar i området. Som eit døme trakk han fram at DNT fekk lov til å bygge ein stor plattng på Skogadalsbøen, medan dei ikkje fekk lov til å gjere mindre tiltak på private sel. Fleire var einige i dette, og det vart også peikt på at det er viktig at grunneigarar får løyve til motorferdsel for å drive tilsyn av husa sine vinterstid, gjerne som eit fellesløyve.

Ein grunneigar hadde erfaring frå tidlegare frivillige verneprosessar, og at det der var mogeleg å få lagt inn dispensasjonsheimlar i verneforskrifta som var viktige for grunneigaren. Sjølv om fleire hadde vore skeptiske til Breheimen-vernet hadde dei, gjennom verneprosessen, fått innarbeida viktige verneregler som dei i dag var veldig glade for å ha bidrige til.

Det vart trekt fram at ein heller enn å kalle prosessen ei «utviding» av Jotunheimen nasjonalpark kan kalle det ei «oppgradering» av nasjonalparken. Om ein verneprosess kan føre til meir fornuftige grenser og verneregler vil dette vere eit meir dekkande ord. Det vart også trekt fram at om det viser seg at grensene og reglane i eit eventuelt verneframlegg er därlegare enn dagens grenser og reglar er det berre å seie nei seinare i prosessen. Fleire grunneigarar uttrykte at dei ser nytta av å organisere seg og kome med felles uttalar i den vidare prosessen, då det er stor kraft i ei samla stemme.

Knut Vidar Svanheld informerte om at Luster kommune skal tilsette ein ny naturforvaltar, og at dei håpar å ha tilsett nokon i løpet av april. Vedkommande vil mest truleg bli den som følgjer denne prosessen tettast frå Luster kommune si side.

Referent:

Halvor Røssum/Maria Knagenhjelm



Med venleg helsing

Maria Knagenhjelm
seniorrådgjevar

Halvor Røssum
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent